



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marianne Hammer, 55 57 22 46

Vår dato  
29.09.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/11440  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Tiltak som ikkje er satt i verk

Fylkesmannen viser til halvårsrapport frå Radøy kommune, første halvår 2014, vedkomande undersøkingar som er konkludert med behov for tiltak etter barnevernslova.

Fylkesmannen skal med heimel i barnevernslova (bvl) § 2-3, fjerde ledd, jf. § 2-3b føre tilsyn med barnevernsverksemda i fylket. Dette inneber mellom anna å sjå til at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter lova.

Kommunane skal sikre at barn og unge får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Dette betyr at barnevernstenesta skal setje i verk tiltak snarast mogeleg der det er konkludert med at barnet har særlege behov for hjelpetiltak. Når det er fatta vedtak om tiltak har barnevernstenesta eit kontinuerleg oppfølgingsansvar overfor barnet og barnets foreldre for å sikre at tiltaket fungerer etter sitt føremål.

Det går fram av halvårsrapporten at Radøy kommune har konkludert 16 undersøkingar, første halvår 2014, med at barnet har behov for tiltak etter barnevernslova. I halvårsrapporten kjem det fram at fem barn ventar på at tiltaka skal setjast i verk.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å sjå på kva som er årsakene til at barn og unge ikkje får den hjelpa dei etter barnevernslova har krav på.

Fylkesmannen ber kommunen gjere greie for årsaka, i kvart av dei fem tilfella, til at tiltak overfor barn/unge ikkje er sett i verk. Kor mange av desse fem har i dag fått tiltak i perioden frå 30. juni og fram til i dag? Dersom tiltak for alle ikkje allereie er satt i verk, når reknar ein med å ha dei resterande tiltaka etablert?

Vi ber om tilbakemelding innan 20.10.14.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

Marianne Hammer  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

